

Historia som heilt fysisk manifesterer seg i dette landskapet, i bakken, på marka, i skogen, i byane, i isbreane. Våre konflikhtar, våre krigar, vår grådighet, vår dårskap, vår maktsjuke, vår uforstand, våre feilsteg.

Historia som ein kan lese av i landskapet, om ein ser godt nok etter.

Konsentrasjonsleirane, krematoria, murane, festningane, skyttargravene, grensegjerda, presenningane som skal stanse breane frå å smelte, parisarhjulet som er frose fast i ein park ramma av radioaktiv stråling.

Paul Sigve Amundsen har fotografert desse samtidsruinane, vår felles europeiske historie, i svart og kvitt, dei står som fallerte monument over det som er alt anna enn ei *heltehistorie*. Monument vil tradisjonelt minne oss om det storslåtte og det storstilte i mennesket, om det uvanlige og fabelaktige mennesket, om den fantastiske handlinga eller den ekstraordinære hendinga.

Desse samtidsruinane er monument av ein annan type, noko som også kan vere del av eit minnearbeid: å slå alarm, å seie ifrå, å rope varsku, dette er vår fortid, dette er våre katastrofale hundre år i den blodige verdsdelen Europa.

Eitt av bilda er frå Memento Park utanfor Budapest, parken som var Sentraleuropas første museum der ein tematiserte det kommunistiske diktaturet og diktaturets fall. På sine nettsider lokkar parken med at eit besøk vil vere «hyggelig og oppfriskande».

Sjølv historias gru og skrekk kan bli gjort til hygge og underhaldning. Men Paul Sigve Amundsens bilde frå parken viser Josef Stalins støvlar, eit støvelpar som i si tid var del av ei megaloman statue plassert i sentrum av Budapest, og som under revolusjonen i 1956 blei redusert til *dette støvelparet*. For å seie det som det var, Stalin blei kutta i to like under knea.

Det er mulig å tolke dette kuttet i historia på ulikt vis, opplagt som *fortid*, eit par skremmande slagstøvlar, historias fottøy, dei støvlane som med stor kraft trykker folk ned, ideologiane som gir makthavarar legitimitet til å trampe på nabofolk, trampe på sitt eige folk, den umenneskelige, men dessverre også høgst skremmande *menneskelige*, vilja til å øydelegge og angripe og destabilisere og audmjuke og knekke og smadre og likvidere og mishandle og maltraktere og lemleste og utradere og uttrydde dei som vi kan kategorisere som *den andre*, dei som ikkje er *oss*.

Desse støvlane som har herja i Europa, og som framleis herjar, dei rørslene som skapar tragiske monument over menneskelig ondskap: nazismen, fascismen,

nasjonalismen, kommunismen. Også i sine *moderne* variantar, som vi må leve gjennom i dag, ein økonomisk ulikheit, ein type rovdyrkapitalisme og konsumkultur som heilt fysisk er i stand til å endre landskapet, som gjør sjøve *naturen* til samtidsruin, alt det som forsvinn rundt oss fordi vi ikkje maktar å ta vare på det eller halde det i live eller avgrense oss sjølv: isbrear, fjordar, byar, dyreartar, økosystem.

Det går også an å sjå på dei støvlane til Josef Stalin som *framtid*, som frigjøringsprosjekt, eit folk som ikkje finn seg i alt mulig, eit folk som tar tak og kuttar diktatoren og historia i to. Vi har sett det også i vår tid, ein daglig pågåande revolusjon, korleis fortida blir rive ned og kasta i elva, kasta på sjøen, fortida som ikkje lenger er gyldig eller verdig ei omfamning, makta som skulle feire seg sjølv ved å plassere seg oppe på ein pidentall, blir brutalt rive ned og kutta hovudet av, i alle fall i overført betydning. Ein russisk soldat som manglar hovud på ei statue i Kyiv. Columbus som mistar sitt hovud i Boston. Carl von Linné, som delte verda inn i undergrupper etter hudfarge, og som blir diskreditert med ein advarsel på sin eigen benk i Oslo. Krigsherrar som mistar hovud og armar og leggar og våpen over alt i verda.

Paul Sigve Amundsens fotografi viser at fortida alltid står i fare for å bli del av sjøve landskapet, at våre feil og våre overgrep med tida *blir til natur*, skyttargravene forsvinn i graset, oska frå millionar av myrda jødar blir til ein nærmast idyllisk liten innsjø, ideologiens slagstøvlar blir ein fornøylespark. Europas historie er ein kvit, daudkjørt Yugo som bremsar ned og parkerer for godt ute i skogen i Serbia.

Derfor er desse fotografia viktige, nødvendige, meiningsfulle, dei er vårt felles minne, bilde som burde ha vore vår læring, vår styringsmekanisme, bilde vi manøvrerte etter, dei som burde ringe i bakhovudet når ein ser historia gjenta seg.

Lykkeligvis, blanda inn i det bleike, nådelause historiske landskapet, finst det hos Paul Sigve Amundsen ei *framtid*, i form av ein heilt annan type monument, nokre *notidsmonument* eller *framtidsmontument*, og det er desse monumenta som gjør prosjektet sterkt og fullt i liv og på merkelig vis fylt med håp.

For dette er dei monumenta som er reist her og no, det er dei *levande* monumenta. Ja, monument av kjøt og blod, armar og bein, lepper og auge, hud og hår. Europas unge, Europas nye generasjon, født inn i ein pessimisme og ei avmakt og ei opplagt ulage, dei som har komme til verda i det skakkjorte Europa, med drømmar og lengslar, ønske og drifter, kjensler og kjærleik, slik folk alltid har hatt.

Desse bilda viser oss at historia aldri stansar opp, viser at *livet* stansar aldri opp. Desse bilda viser at minnet er ein type motstand, minnet er ein type opprør, minnet som seier: Vi var her, også *vi* var her.

Edgars og Karlis i badebuksa er her. Siobhan på stranda i Blackpool er her. Ines og Manuel i Lisboa. Tvillingane Mona og Linda finst. Danny i Napoli. Paul i Dublin. Clara i München. Adam i Katowice. Vi var her, også vi var her.

Dei som arva all vår fortid, alle våre feil, men som likevel stirer rett på oss med blikk det er vanskelig ikkje å ta inn over seg. Det er bare å gå rundt, sjå dei ansikta og sjå rett inn i dei auga. Det er som om dei unge seier: Er dette det beste de makta? Er dette kva de ga oss i arv? Ok, vi skal gjøre det så mykje betre. Dette skal vi gjøre så uendelig mykje betre.

Her er deira bøn, her er kva eg hører når eg møter deira blikk: våre presidentar, seier dei, våre statsministrar, våre foreldre, våre forfedre, vi veit at de skapte marknaden og konsumet, og de seier at de skapte fridomen og velstanden, vi vil bare minne dykk på *denne jorda her*, med sine elver og innsjøar og hav og historier og hagar og horisontar, menneska finn ikkje kvile og kvar kveld er dei unge nær ved å miste motet, våre presidentar, våre forfedre, vi veit ikkje ein gong om de finst, inne i dykkar mørke frakkar og bak dykkar sota bilglas, vi veit at de er travle menn og kvinner, de skal preike på tv og i lukka rom, de skal kle dykk som prinsar og påfuglar, de skal fylle vomma dykkar med gull og latter og kvinnebryst og de skal skape vekst og overskot og høghus og eksplosjonar og droner og jagarfly og undergang.

Vi ber bare om at de ser til oss, dei unge, jorda er så vakker, så vakker at vi ville tru at de saknar ho bittelitt der de sit i dykkar svarte limousinar og bak dykkar tolv meter lange forhandlingsbord, våre presidentar, våre forfedre, våre foreldre, om de framleis finst i vår verd, *sjå til vår kant*.